

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 17.09.2007 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Kommunekasserar, Adm.sjef og Ass. adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. september 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart vedteke med tillegg av to tilleggssaker, sakene 27 og 28.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Helge Reistad gjorde merksam på at han hadde røysta mot framlegget i sak 22. Han ba om at dette vart retta opp i protokollen. Med denne merknaden vart protokollen vedteken.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Folkevaldopplæring – Ordførar informerte at det vert arbeidd med eit opplegg for det nye kommunestyret, og at ho vil koma attende til det seinare.

Ambulansen - Kommunen har både munnleg og skriftleg vore i kontakt med Helse Bergen AMK i tilknytning til at det har gått ras på Rv 48 som gjer at me ikkje får tilgang på ambulanse frå stasjonen i Eikelandsosen. AMK har ikkje føreteke seg noko ekstraordinært, men meiner at det er forsvarleg og tilstrekkeleg dekking ved bruk av dei andre ambulansane i nabokommunane. Kommunen har bedt om at det vert vurdert å stasjonera ambulanse i Samnanger.

Ny barnehage på Gjerde – Vestlandshus har med utgangspunkt i innspel basert på kommunestyret sitt vedtak og bearbeiding av desse kome med ny pris på barnehagen. Utarbeiding av dei nye krava er gjort i nært samarbeid med dei tillitsvalde. Den nye utforminga gir ein god del meir areal t.d. til garderobe, rom for tilsette m.m. som dreg kostnaden opp, men endra løysingar for veg, parkering m.m. har gjort at samla pris ikkje vert vesentleg høgare. Kommunen har og motteke ekstra skjønsmidlar på kr. 600.000. Administrasjonen meiner at heile eller delar av dette kan brukast til finansiering av barnehagen, t. d. til betaling av inventaret. Kommunestyret vil få meir informasjon om status.

Stønad til politiske parti 2007 – Vedtaket om storleiken på stønad til politiske parti må forståast slik at det berre gjeld for 2006. K- sak 8/06. Administrasjonen skal no betala ut for 2007 og etterspør kva satsar det skal betalast ut etter, evt. om spørsmålet må handsamast av kommunestyret. Personal- og økonomiutvalet ba om at det vert betalt ut godtgjersle etter vedtaket i k-sak 8/06 og at dette vert referert i kommunestyret.

Lokale lønstingingar med leiargruppa – Personal- og økonomiutvalet drøfta rammene for lønstinginane med adm.sjef og ass. adm.sjef. Ordførar og varaordførar vil saman med personalsjefen gjennomføra tingingane. Adm.sjef og ass.adm.sjef gjekk frå møtet under desse drøftingane.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. | Tittel |
|----------------------------|---------------------|---|
| 0023/07 | 06/00524 | FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. OPPRETTING AV IKS |
| 0024/07 | 07/00196 | ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE. |
| 0025/07 | 07/00227 | BUDSJETTENDRINGAR 2007 |
| 0026/07 | 07/00366 | SANSEHAGE (TERASSE) GNR 26, BNR 30 - FULLFINANSIERING |
| 0027/07 | 07/00378 | Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET |
| 0028/07 | 07/00380 | FORVALTNINGSREVISJON - SENTRALADMINISTRASJON OG TEKNISK EINING |

0023/07

FELLES IKT SATSING I BERGENSREGIONEN. OPPRETTING AV IKS

Framlegg til vedtak::

Det vert tilrådd at Samnanger kommune sluttar seg til oppstartinga av eit IKS. Dette grunnar ein med at ei slik driftsløysing på sikt vil kunne sikre ei berekraftig utvikling innan IKT i Samnanger kommune. Både tenestmessig og økonomisk vil ein vera tena med eit interkommunalt driftsselskap i høve til å drifte sjølv.

Handsaming i møte:

Personal- og økonomiutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak. Saka vert endeleg avgjort av kommunestyret.

Vedtak:

Det vert tilrådd at Samnanger kommune sluttar seg til oppstartinga av eit IKS. Dette grunnar ein med at ei slik driftsløysing på sikt vil kunne sikre ei berekraftig utvikling innan IKT i Samnanger kommune. Både tenestmessig og økonomisk vil ein vera tena med eit interkommunalt driftsselskap i høve til å drifte sjølv.

0024/07

ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune v. Vestnorsk Enøk søker ENOVA om tilskot til arbeidet med utarbeiding av ein miljø- og klimaplan. Prosjektet vil verta finansiert med støtte frå ENOVA. Eigeninnsats frå tilsette i kommunen samt i arbeidsgruppa. Ut over dette vert det løyvd inntil kr 25.000 av tilleggsøyvingskontoen til dekking av forefallande kostnader.

Handsaming i møte:

Personal- og økonomiutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune v. Vestnorsk Enøk søker ENOVA om tilskot til arbeidet med utarbeiding av ein miljø- og klimaplan. Prosjektet vil verta finansiert med støtte frå ENOVA. Eigeninnsats frå tilsette i kommunen samt i arbeidsgruppa. Ut over dette vert det løyvd inntil kr 25.000 av tilleggsøyvingskontoen til dekking av forefallande kostnader.

0025/07

BUDSJETTENDRINGAR 2007**Handsaming i møte:**

I møtet vart det orientert om at lønsoppgjeret for kommunalt tilsette kosta rundt kr 900.000 ut over det som var kjend ved oppsetting av budsjettet. For dei kyrkjelege tilsette er det ein meirkostnad på kr 14.000. Det er tidlegare sett av kr 850.000, noko som inneber at dersom einingane og kyrkja skal få kompensert er det trong for ytterlegare kr 64.000.

Utvalet gikk samrøystes inn for å gjera ombudsjettering i samsvar med saksutgreiinga, samt å kompensera for lønsauken. Midlane til dette må takast frå konto for tilleggsøyvingar.

Vedtak:

| | | |
|---|----|---------|
| Konto nr. 1.3100.2543.7006 øyremerkja tilskot vert auka med | kr | 61.000 |
| Konto nr. 1.1602.2342.2500 material til vedlikehald senter funksjonshemma + | kr | 61.000 |
| Konto nr. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert sett ned med | kr | 690.000 |
| Konto nr. 1.9000.8000.8700 skatteinntekt vert auka med | kr | 719.000 |
| Konto nr. 1.9000.8400.8000 rammetilskot vert auka med | kr | 27.000 |
| Konto nr. 1.1200.1800.4900 tilleggsøyving vert redusert med | kr | 8.000 |
| Konto nr. 1.1300.3900.4700 overføring til kyrkja vert auka med | kr | 14.000 |
| Konto nr. 1.1200.1800.2901 tilleggsøyving løn vert auka med | kr | 50.000 |

0026/07

SANSEHAGE (TERASSE) GNR 26, BNR 30 - FULLFINANSIERING**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram for utvalet til orientering og mogleg vedtak om tilleggsfinansiering.

Handsaming i møte:

Utvlet drøfta saka og i fellesskap kom dei fram til fylgjande vedtak:

Samnanger kommune aksepterer tilbodet frå BlinkHus dagsett 03.09.2007 om bygging av sansehagen ved Samnangerheimen.

Kostnaden vart vesentleg høgare enn rekna med, og med denne måten å gjennomføra prosjektet på er det vanskeleg å få til dugnad slik det vart tenkt i budsjettet. Personal- og økonomiutvalet vil derfor utfordra pårørandeutvalet til å gjennomføra tiltak, t d "kronerulling" i lokalsamfunnet, som kan skaffa midlar til å få bygd sansehagen. Ein håpar at det kan verta ei deling mellom kommunen med ekstraløyving og pårørandeutvalet med innsamla midlar. Arbeidet vil verta sett i gang snarast, og kommunen vil derfor forskottera desse midlane PØ vil og be om at det vert nytta kr 24.000 av gåvemidlane på sjukeheimen til bygging av sansehagen.

Samnanger kommune nyttar kr 100.000 av kapitalfondet til dekking av meirkostnaden.

Innsamla midlar vil gå attende til fondet.

Vedtak:

Samnanger kommune aksepterer tilbudet frå BlinkHus dagsett 03.09.2007 om bygging av sansehagen ved Samnangerheimen.

Kostnaden vart vesentleg høgare enn rekna med, og med denne måten å gjennomføra prosjektet på er det vanskeleg å få til dugnad slik det vart tenkt i budsjettet. Personal- og økonomiutvalet vil derfor utfordra pårørandeutvalet til å gjennomføra tiltak t.d. "kronerulling" i lokalsamfunnet, som kan skaffa midlar til å få bygd sansehagen. Ein håpar at det kan verta ei deling mellom kommunen med ekstraløyving og pårørandeutvalet med innsamla midlar. Arbeidet vil verta sett i gang snarast, og kommunen vil derfor forskottera desse midlane PØ vil og be om at det vert nytta kr 24.000 av gåvemidlane på sjukeheimen til bygging av sansehagen.

Samnanger kommune nyttar kr 100.000 av kapitalfondet til dekking av meirkostnaden. Innsamla midlar vil gå attende til fondet.

0028/07

FORVALTNINGSREVISJON - SENTRALADMINISTRASJON OG TEKNISK EINING**Handsaming i møte:**

Jon Magne Bogevik sette fram slikt framlegg til vedtak:

PØ løyver inntil kr 32.000 til forprosjekt forvaltningsrevisjon administrasjon/teknisk eining.

Summen vert ført på tilleggsøyvingskontoen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

PØ løyver inntil kr 32.000 til forprosjekt forvaltningsrevisjon administrasjon/teknisk eining.

Summen vert ført på tilleggsøyvingskontoen.